

# Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

**DATO:** 17.06.2015  
**MØTESTAD:** Hotell Norge, Bergen

**Utvalsmøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå utvalet**

Lise Reinertsen	Leiar
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem

## **Deltakar frå administrasjonen**

Eigardirektør Ivar Eriksen  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen (delvis på telefon)

## **Deltakarar frå internrevisjonen**

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)  
Internrevisor Haakon Totland  
Director i Deloitte, Gunnar Hoff (sak 20)

## **Sakliste:**

Sak 16/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Sak 17/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 24.03.2015  
Sak 18/15 O Status på internrevisjon og prioritering av prosjekt  
Sak 19/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015  
Sak 20/15 O Rapport – Revisjon av bierverv  
Sak 21/15 O Rapport – Revisjon av innkjøp  
Sak 22/15 O Eventuelt

## **Sak 16/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak (samrøystes):**

Det vart lagt til ein sak på kartet (22/15 Eventuelt), men elles framkom ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **Sak 17/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 24.03.2015**

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 24.03.2015.

## **Sak 18/15 O Status på internrevisjon og prioritering av prosjekt**

### **Oppsummering:**

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet gjekk gjennom status i arbeidet på igangsette prosjekt (korridorpatientar og avviksbehandling). Det kom til drøfting i utvalet spørsmålet om årsaker til korridorpatientproblematikken og mulige løysingar. Det vart òg stilt spørsmål om der var ulikskaper i meldekultur mellom einingar i føretaka.

Utvalet hadde merka seg dei tilsendte avisutklippa om tvangsbehandling i Helse Stavanger og ser alvorleg på det som der er skjedd. Dette er ein av dei tidlegare rapportane som internrevisjonen over sommaren vil be føretaka om ei statusvurdering av. Denne kjem deretter som sak for revisjonsutvalet.

Ut over hausten vil internrevisjonen ta opp nye prosjekt til behandling, og planlegginga av desse vil i et visst monn starte før det. Det er derfor blitt tillyst eit nytt møte i utvalet til hausten (neste sak) og utvalet drøfta seg fram til ei tilnærming til val blant dei resterande prosjekta på revisjonsplanen.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Revisjonsutvalet tar internrevisors statusorientering til orientering.
2. Utvalet ønskjer at internrevisjonen først prioriterer prosjekt innan internkontroll og risikostyring hos private avtaleleverandørar og ber om at prosjektmandat for dette blir lagt fram på neste møte.
3. Utvalet ber dessutan om at internrevisjonen til neste møte førebur ein diskusjon knytt til to andre punkt i revisjonsplanen: Forskingsaktivitet og større byggeprosjekt.

## **Sak 19/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015**

### **Oppsummering:**

Det vart vist til kommunikasjon i forkant av møtet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering og godkjenner følgjande endringar i utvalet sin møteplan: Nytt møte 17.9 (kl 16-19) i Stavanger og flytting av desembermøtet til 7.12 (kl 16-19).

## **Sak 20/15 O Rapport – Revisjon av bierverv**

### **Oppsummering:**

Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte rapporten på vegne av internrevisjonen, og svarte på spørsmål frå revisjonsutvalet. Utvalet merkte seg særleg at ein her ser ut til å ha gode retningslinjer, men at der er manglar i praktiseringa av dei. Oversikten over verv er ikkje god nok og det synest å vere ein kraftig underrapportering av verv.

I lys av det sterke trykk det har vore på dette gjennom mange år, og kor sensitivt bierverv kan vere, ser utvalet med uro på det som er kome fram i rapporten frå internrevisjonen.

I administrasjonen sitt oppfølgingsarbeid vil revisjonsutvalet meine at det kan vere naturleg å vurdere om bierverv bør inn som tema i medarbeidarsamtaler i føretaksgruppa.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

## **Sak 20/15 O Rapport – Revisjon av innkjøp**

### **Oppsummering:**

Haakon Totland frå internrevisjonen i Helse Vest gjekk gjennom rapporten og svarte på spørsmål frå revisjonsutvalet. Utvalet var uroa over den situasjonen som kom fram i rapporten, og som har vart ved over tid – med eit stadig etterslep på ulovleg prolongerte kontraktar.

Det vart stilt spørsmål ved kvifor tilsettingar har tatt så lang tid. Utvalet meiner det kan vere grunn til å vurdere ekstraordinær innsats for å rydde unna dei utgåtte kontraktane. Det vart òg stilt spørsmål ved om strategien med å inngå parallelle rammeavtaler med nær sagt alle tilbydarar på ortopediområdet, faktisk er lovleg. I utvalet kom det dessutan fram eit sterkt ønske om å vere tydelegare overfor føretaka på at inngåtte, forpliktande rammeavtaler skal haldast.

**Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

**Sak 22/15 O Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

17.6.2015

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Gunnar Berge (Medlem)

Lise Karin Strømme (Medlem)